

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ronny Mehus Rugland	K1-223	26/853

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/26	Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond	PS	03.09.2026

Søknad om støtte i frå Ulla Førre næringsfond - Mo laksegard AS

Kommunedirektøren si innstilling

1. Mo Laksegard, organisasjonsnummer 962279732 , vert innvilga lån i Ulla Førre næringsfond med kr. 2.000.000,-. Lånet vert gitt på følgande vilkår:
 - a. Tinglyst pant i eigedomen det blir søkt om. Lånet har panteprioritet etter lån i annan bank.
 - b. Nominell rente er 7,7% halvårleg etterskotsrente per no (følgjer renta til Innovasjon Norge / Innovasjonslån).
 - c. Lånet er rentefritt i 1 år frå utbetaling.
 - d. Lånet er avdragsfritt i 2 år frå utbetaling.
 - e. Nedbetalingstid: 10 år frå utbetaling.
 - f. Betalingsterminar 1. februar og 1. august.
 - g. Lånet må nyttast innan 31.12.2027.
2. Lånet er avhengig vedtak i kommunestyret om ekstraordinær overføring i frå disposisjonsfondet.
3. Det blir gitt tilskott til kompetanse på kr 50.000,-. Tilskottet ver utbetalt etter dokumenterte utlegg. Arbeidsfrist 01.07.2027.

Sand, 27.08.2026

Fakta

Mo laksegard AS søker om lån og støtte

Frå søknaden om støtte til vidareutvikling til heilårleg aktivitetshub

Mo Laksegard har ein unik kombinasjon av lokalisering, overnattingskapasitet, elvetilknyting, aktivitetsinfrastruktur og historie. Anlegget har eit dokumentert marknadsgrunnlag innan sportsfiske og naturbaserte opplevingar, men potencialet har ikkje vore fullt utnytta gjennom heile året. Den nye eigargruppa har allereie prioritert sal, kundedialog, produktpakking og samarbeid med lokale aktørar. Ved overtakinga vart det òg avdekt eit investeringsetterslep og behov for meir systematisk dokumentasjon, mellom anna innan brann, elektro, sanitær, FDV, digital infrastruktur, utstyr og driftsrutinar. Målet er ikkje å restaurere alt på ein gong, men å gjennomføre dei tiltaka som først reduserer risiko og deretter dei som aukar salbar kapasitet og heilårsinntekt. Marknadssignala er positive. Mo Laksegard får førespurnader frå norske og utanlandske gjester som legg laksesafari og opplevingar ved Suldalslågen inn som eit hovudpunkt i reisa. Samstundes er det etterspurnad etter bedriftsarrangement, teambuilding, måltid, badstove og tilrettelagde opplevingspakkar. Dette gir eit realistisk grunnlag for å gå frå sesongverksemd til ei verksemd med aktivitet og sysselsetjing gjennom større delar av året.

Mo Laksegard skal vidareutviklast til ein heilårleg og berekraftig aktivitetshub i Suldal. Prosjektet omfattar oppgradering av brann-, elektro- og sanitærløysingar, tryggleiksutstyr, booking og marknadsarbeid samt utvikling av nye aktivitetspakkar. Målet er trygg og profesjonell drift, fleire heilårsarbeidsplassar og auka lokal verdiskaping gjennom samarbeid med overnattingsverksemdar og lokale leverandørar.

Prosjektet gjeld vidareutvikling og investeringar, ikkje ordinær drift. Eigarane har allereie investert 1,5 mill. kroner i kontantar og om lag 0,5 mill. kroner i utstyr og inventar. Mo Laksegard har etablert samarbeid med Ryfylke Fjordhotel og er i innleiande samtalar med Lindum om levering av aktivitetar til deira gjester. Prosjektet skal styrkje heilårsdrift, arbeidsplassar og lokal verdiskaping i Suldal.

Vi ber om samla NOK 2 000 000 frå fondet, fordelt på NOK 1 500 000 som toppfinansieringslån og NOK 500 000 som tilskot, tilsvarende ein tredel av eit samla vidareutviklingsprosjekt på NOK 6 000 000. For lånedelen ber vi om tre års avdragsfriheit og rentefritak det første året, deretter rente og tilbakebetalingsprofil etter fondet sine gjeldande vilkår. Dersom fondsstyret vurderer ei anna kombinasjon av løpetid, avdragsfriheit eller sikkerheit som meir formålstenleg, er søkjar open for dialog. Tilskotsdelen på NOK skal redusere likviditetsbelastninga i oppstartsfasen og er avgrensa til dokumenterte, støtteberettigta investeringskostnader i prosjektet, innanfor regelverket bagatellmessig støtte. Eigarane har allereie gått inn med NOK 1 500 000 i kontant eigenkapital og om lag NOK 500 000 i utstyr og inventar som blir nytta i verksemda, vi bidrar dessutan med egen tid til en verdi på 300 000 kr (se søknadsskjema)

I søknaden står det at det søkes om toppfinansiering på 2 millionar kr som utgjør $\frac{1}{3}$ av finansieringa. Av beløpet på 2 millionar kr så blir det søkt om 0,5 millionar kr i støtte og 1,5 millionar kr i lån.

Ulla førre næringsfond kan ikkje gje lån og støtte til "generasjonsskifte", men kan gje støtte til vidareutvikling av verksemdar, jf vedtektene. Retningslinjene for fondet seier at det kan søkes om toppfinansiering ($\frac{1}{3}$).

Frå søknaden om støtte til kompetanse

Mo Laks AS skal styrkje kompetansen til dagleg leiar Filippa Engström Grahn innan HMS, økonomistyring, personalleiing, beredskap og mattryggleik. Målet er å sikre trygg, lønsam og profesjonell heilårsdrift ved Mo Laksegard. Tiltaket omfattar relevante kurs, praktisk opplæring og innføring av kunnskapen i rutinar, internkontroll og dagleg leiing.

Ulla førre næringsfond kan gje støtte til kompetanse.

Frå søknaden støtte til profesjonalisering:

Mo Laksegard skal vidareutvikle en moderne profesjonell og heilårleg aktivitetsverksemd med naturbaserte opplevingar, bedriftsarrangement og samarbeid med lokale overnattingsaktørar. for å komme i gang så ber vi om støtte i oppstartsfasen med å etablere booking- og betalingsløysing, HMS- og kvalitetssystem, digitalt salsmateriell, skilting og nødvendig rådgiving. Målet er auka sal, trygg drift og nye arbeidsplassar i Suldal og begynne arbeidet med å nå nye målgrupper som kan gi arbeidsplasser

Ulla førre næringsfond kan ikkje gje støtte til løpande drift.

Økonomiske konsekvensar

Det er behov for overføring i frå disposisjonsfondet på 2 millionar kr

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Vedteker og retningslinjer for Ulla førre næringsfond

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren er glad for at Mo laksegard AS har fått inn eigarar som vil vidareutvikle verksemda. Eigarane ber ikkje om støtte til overtaking av verksemda, men til vidareutvikling av verksemda. Mo laksegard skal oppgradere/modernisere anlegger og tilføre nye produkt som kan gje nye arbeidsplasser. Det blir søk om støtte til oppgradering (investering).

Kommunedirektøren har tru på satsinga.

Mo laksegard skriver at deler av investeringa er inventar og utstyr som eigarane har gått inn med i selskapet. Det må dokumenterast.

Ulla Førre næringsfond har avgrensa med midlar. Det vil vere behov for å få tilført ekstra midlar for å finansiere ytterlegare lån og tilskot. Kommunedirektøren vil tilrå lån og ikkje tilskot til fondet for å sikre fondet vidare. Det vil vere i overensstemmelse med tidlegare vedtak om lån til etablerte verksemdar i kommunen. Det blir tilrådd å gje avdragsfrihet i 2 år og rentefritak i 1 år.

Kommunedirektøren tilrår å gje støtte til kompetanse, men ikkje til profesjonalisering. Slik kommunedirektøren ser det, så er sistnemnte rekna som ordinær drift, noko fondet ikkje kan gje støtte til.